

MEDVERKNADSRAPPORT

Samfunnsdelen av kommuneplanen 2023-2035

SAMANDRAG

I høyringsperioden til planprogrammet for samfunnsdelen av kommuneplanen vart det gjennomført medverknadsaktivitetar retta mot innbyggjarane i kommunen.

Dette dokumentet er ein samanstilling av innkomne innspel frå medverknadsprosessen. Innspele skal nyttast til utarbeidninga av samfunnsdelen. Dokumentet kan også nyttast til anna arbeid, både i planavdelinga og andre einingar.

Framtidsverkstad, Dale ungdomskule

Arbeidsverkstad, Ungdomsrådet

Arbeidsverkstad, Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Innspelsportalen

POP-UP-stands

Innhald

Innleiing	2
Samfunnsdelen av kommuneplanen.....	2
Medverknad	2
Framtidsverkstad på Dale skule	3
Oppsummering.....	9
Ungdomsrådet.....	10
Oppsummering.....	11
Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	12
Oppsummering.....	14
Innspelsportal.....	15
Oppsummering.....	16
Innspels- POP- UP i bygdene	17
Bergsdalen.....	19
Dale.....	21
Eidsland	24
Eksingedalen.....	25
Stamnes.....	26
Stanghelle	28
Vaksdal	30
Oppsummering.....	33

Innleiing

Samfunnsdelen av kommuneplanen

Kommuneplanens samfunnsdel er kommunane sin viktigaste, strategiske plan, som skal hjelpe oss med å møte framtidige utfordringar. Planen skal både gje langsiktig retning for utvikling av Vaksdal, og definere kva satsingsområde kommunestyret ønskjer å prioritere på kortare sikt. Satsingsområda skal følgjast opp i økonomiplanarbeidet og liggje til grunn for vurdering av behov for nye eller endra strategiar og temaplanar.

Medverknad

Samfunnsplanprosessen skal setje lys på langsiktige utfordringar ved utviklinga i kommunen, og gje innsikt i behov og moglegheiter. For å gjere oss betre kjent med dette vart det gjennomført fleire medverknadsaktivitetar i perioden planprogrammet låg ute på høyring. Innspela som er kome inn er samanfatta i dette dokumentet.

Innspela skal nyttast til revisjonsarbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen. Dokumentet kan også nyttast til anna arbeid, både i planavdelinga og andre einingar.

Vidare i dokumentet syner alle innspela og spørsmåla frå kvar medverknadsaktivitet. Innspela vert framstilt i ordskyar og tabellar og sortert etter satsingsområde og kommentarar til desse. Kvart kapittel vert runda av med ei oppsummering.

Takk til alle som tok seg til å koma med innspel.

Dette gjev eit godt grunnlag for samfunnsplanen vår.

Framtidsverkstad på Dale skule

Framtidsverkstad med 10. klasse på Dale skule. I fyrste del av samlinga skulle elevane skrive kva dei liker best og minst med Vaksdal. Resultata er framstilt i ordsky ynder.

Kva liker de best med Vaksdal?



Kva liker de minst med Vaksdal?



I andre del av samlinga vart elevane delt i grupper på inntil 5 personar. Spørsmåla vart delt ut på eit A3 ark som elevane kunne skrive svara på. Svara er sortert i kategoriar i venstre kolonne.

På kva måte er det betre å vere ung i Vaksdal kommune i 2035 enn i 2022?		
Sentrumsfunksjonar/ Butikk	<ul style="list-style-type: none"> - Søndagsope - Lengre opne butikkar - Betre butikk (Vaksdal) - Burde bygge eit nytt senter på Vaksdal - Bensinstasjon på Vaksdal igjen - Opne bensinstasjonen på Vaksdal igjen - BigBite på Stanghelle - Riva gamle fabrikkane på Dale og byggja noko betre – f.eks kjøpesenter 	
Møteplassar og Aktivitetar	<ul style="list-style-type: none"> - Kafé - Fleire stadar å opphalde seg - Fleire møteplassar for unge - Fleire stadar ungdomane kan vere på fritida - Meir attraktivitet og fleire oppholdsplassar - Meir aktivitetar - Ting å gjere på - Gilmore girls aktivitetar – <i>Labyrint av høy, Strikke- og dansekonkurranse</i> - Fleire fritidsaktivitetar - Sirkus til Vaksdal - Forhåpentlegvis meir å gjere/aktivitetar - Fleire ting å gjera - Fleire ting å driva med (fritidsaktivitetar, leikeplassar osv.) - Det er ikkje noko å gjera i kommunen - Då har dei kanskje fått meir å gjera - Julemarknad - Skikkeleg kino på Vaksdal 	
Fotballbana på Vaksdal	<ul style="list-style-type: none"> - Fotballbana som fungerer - Fotballbana på Vaksdal er ikkje øydelagt 	
Kollektiv	<ul style="list-style-type: none"> - Billigare buss etter K5 - Betre kollektiv transport - Togstasjon på Helle - Fleire bussar mellom bygdene - Fleire bussar - Nye og raskare togbane 	
Veg	<ul style="list-style-type: none"> - Betre vegar - Forhåpentlegvis ny veg - Finare og betre vegar - Vegane er elendige - Tryggare vegar 	
Billigare straum og mat osv		
Nye bedrifter		
Mindre gamle folk?		
Betre fasilitetar		
Varmare klasserom		
Mindre skule		

Kommunen prioriterer feil ting – dei kjøper eit egg til 700.000 kr framfor bra stolar til elevane eller fikse bana på Vaksdal	I
Mindre lekser	I
Færre narkisar	I
Billig	I

Etter kvart vil de truleg flytte ut av kommunen for å studere eller oppleve verda utanfor Vaksdal.		
Ser de for dykk at de bur i Vaksdal i framtida?;		
JA – Kvifor?		
Tygt	- Born er tryggare her - Trygg og fin oppvekst - Tryggare for born enn i byar - Trygt å oppdra born - Fin stad for yngre born – i utgangspunktet er det trygt	 I
Tilhørighet	- Minner	I
Vener og familie	- Har familie her - Har vener her - Kjenner mange - Ja om mogleg i framtida når me har born – fordi dei kan vera nær besteforeldra - Mamma	
Bygd	- Vil bu i bygd og ikkje by - Sauer	II
Bynært	- Dersom det er tomter og hus ser me ingen grunn for å ikkje bu her og når K5 kjem er det lettare å jobbe i Bergen og bu i Vaksdal. - Eg vil bu på Stanghelle fordi det er nært Bergen - Nær by – du slepp bystresset - Kort tid til Bergen	
Samhald	- Så bra samhald og fellesskap - Greie folk - Snille folk	III
Fint og koseleg	- Fint på Bogo - Fin stad å bu - Fantastisk utsikt - Koseleg - Eg vil bu på Stanghelle fordi det er så fin fjord - Koselig stad å bu - Fin natur	 II
Arbeidsplassar	- Kjem an på kva utdanning du har	I
Skular	- Gode skular - Gode lærarar	II
Kollektiv	- Togstasjon - God transport	II
Butikkar	- Butikkar i nærleiken	I
Billig hus		I

God mat på To Bror	I
Kjem an på framtida	I
Straume	I
NEI – Kvifor ikkje?	
Oppleva nye ting	<ul style="list-style-type: none"> - For lite å gjera, føler me har sett alt, vil oppleva noko nytt - Kjedeleg
Vegar	<ul style="list-style-type: none"> - Dårlege vegar - Dårlege vegar – mykje arbeid, stenge tunnelar
Arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none"> - Det er ikkje så mange arbeidsplassar som betaler bra - Få arbeidsplassar
Aktivitet og møteplassar	<ul style="list-style-type: none"> - Må reisa ut av kommunen for å finna ting å gjera - Lite å gjera - For få stadar å henge ute med vener
Sentrum	<ul style="list-style-type: none"> - Ikkje nok butikkar - Dårleg sentrum - For lite kafear
Bygg	<ul style="list-style-type: none"> - Unødvendige bygg som ingen brukar
Dårleg klima	I
Gidder ikkje	I
Folka	I
Dårleg ungdomsmiljø – ein del rus og alkohol	I
Nei, men om det vert betre og finare her kan det hende	I
Vil bu sentralt	I
Nei. Alle kan godt ha ei hytta på Vaksdal, men ikkje bu her.	I
Det er for dyrt og det er ikkje lovlig med vasskuter og snøskuter	I
Me vil ikkje bu i kommunen pga dei som styrer klarer ikkje å tenka rett	I
Stygt	II
Kva meiner de skal til for at de ynskjer å busetja dykk i Vaksdal i framtida?	
Aktivitetar/Møteplassar	<ul style="list-style-type: none"> - Meir å gjera for unge utanom fritidsaktivitetar/stadar å møtast - Fleire idrettar - Fleire aktivitetar etter skulen - Ting å gjera her - At det skjer meir i Vaksdal
Bustadar	<ul style="list-style-type: none"> - Fleire tomter - Fleire nyare hus - Fleire husmoglegheiter - Fleire bustadar for ungdom/unge - Fleire leilegheiter
Veg	<ul style="list-style-type: none"> - Ny veg - Betre veg - Fikse vegkrysset på Stanghelle - Trygge vegar
Transport	<ul style="list-style-type: none"> - Taxi på kveldstid - Toga må fungere - At det går oftare buss
Fint	<ul style="list-style-type: none"> - Finare bygg – slutt med moderniseringa, hald oss til tradisjon, stygt med store firkanta) - Fint og fredeleg - At det er ein fin plass å bu

	- Reinare og ryddigare	
Arbeidsplassar	- Fleire jobbar - Jobbalternativ - Fleire arbeidsplassar	III
Sentrumsfunksjonar	- Butikk - Fleire forretningar (kafear) - Fleire butikkar på senteret på Vaksdal - McDonalds på Coopen - Betre senter på Vaksdal	III
Skule		I
Idrettsbana på Vaksdal		I
Få meir interessante og unike ting i Vaksdal		I
Gjer plassen betre		I
Ikkje dumpe stein i sjøen på Fossmark		I
Fleire folk		I
Godt miljø		I
At dei som styrer skal tenke på kva som skjer i framtida og korleis det påverkar dei som bur der		I
Betre avgjersler av kommunen		I
Me er busett <3		I

<p style="text-align: center;"><i>Visjonen til Vaksdal kommune er «bynært bygdeliv»</i></p> <p style="text-align: center;">Kva forbind du med denne visjonen, og passer den slik me har det i Vaksdal?</p>	
<p>-Folk bur tett og det er fint miljø</p> <p>-Det meste er her men det er og kort veg til Bergen og Voss</p> <p>-Koselig og trygt</p> <p>- Det hadde vore godt om det gjekk fleire bussar til Voss og Bergen</p> <p>- At bygda er nært byen men har fortsett kvalitetane til ei bygd</p> <p>- Ja, det passar til Vaksdal fordi det er kort veg til Bergen</p> <p>-Det passer at Vaksdal er ein liten bygd og me kjem berre til å bli mindre dersom kommunen ikkje klarer å gjere noko for å få inn folk.</p> <p>-At me bur relativt nær byar som Voss og Bergen. Og så bur alle i ulike bygder.</p> <p>-Så lenge det går tog er det lett å komme seg til Voss/Bergen</p>	<p>- Tog – sentralt – kort veg til Bergen – volvo/BMW- gard- små butikkar. Ja – nei – ja – ja.</p> <p>- Enig</p> <p>-Bygden ligg nær byen</p> <p>- Det passer bra for Vaksdal, Stanghelle og Dale, men for Stamnes, Eidsland, Eksingedalen er det ikkje så lett</p> <p>-Det passer med Dale, Stanghelle og Vaksdal</p> <p>-Det passer ikkje med Stamnes og Bergsdalen</p> <p>-Lett å koma seg vekk</p> <p>-Ja, me er ikkje ein by, men ligg nær ein</p> <p>-Riktig at det passer bra for kommunen.</p> <p>-Me er heldige som har så lett tilgang til tog og med berre 40-50 minutt kort togtur til Bergen sentrum</p> <p>-Yes. Bygd med god transport mot by, sånn som Vaksdal</p>

<i>Når me i kommunen planlegg ynskjer me ofte å høyre kva de unge tenker om arbeidet</i> Korleis kan me nå ut til dykk?		
Korleis	Kommentar	Svar
Facebook	Facebook grupper	
Snapchat	Bruker Instagram og Snapchat mest Snap story Storys	
Instagram		
TikTok		

Macen		I
SOME	Ikkje Facebook Ikkje Facebook Ikkje Facebook	
Spørjeundersøking i posten?		I
Besøka skulen meir	-Det beste er å komme til skulane å spørje -Sånn som i dag	III
Aviser	-Me har prøvd å snakka med ulike avisar men me vert ikkje høyrta	I
Samankomst	-Arrangere aktivitetar eller ein kveld med noko mat og ete når dei snakkar på ein forelesning. Så kan me komma med innslag. Viser meir av planlegging og kva som skjer.	I
<ul style="list-style-type: none"> - Butikken, vandre rundt i gatene. Gjere triks på gata for å tiltrekke merksemd. - Bygdemøter – som i Gilmore girls - Me vil ha ein Tyler Doose – som i Gilmore girls 		

Oppsummering

Kva liker de best og minst med Vaksdal kommune?

Ungdomen ser positivt på at dei kjem frå mindre bygder med flott natur, nye skular og godt fellesskap der alle kjenner alle. Dei liker aktivitetane og butikktilboda som er i kommunen i dag, og tykkjer det er fint å ha kort veg til toget, samt Bergen og Voss.

Ungdomane tykkjer det er lite å gjera i kommunen og ynskjer fleire butikkar, fritidsaktivitetar og at fotballbana på Vaksdal vert ordna. Det er også ynskje om reine og fine omgjevnadar, og betre og tryggare vegar med mindre vegarbeid.

På kva måte er det betre å vere ung i Vaksdal kommune i 2035 enn i 2022?

Ungdomane saknar uformelle møteplassar og fleire aktivitetar på fritida. Slike tilbod kan vere dans- og strikkekonkurransar, julemarknad og kino. Fotballbana på Vaksdal har også funksjon som møteplass og dei ynskjer få bana i orden. Det er også ynskje om fleire sentrumsfunksjonar som kafear og butikkar, noko som også kan knytast til aktivitet og møteplassar. Ungdomane ynskjer nye og betre vegar og kollektivmøgleheter som gjer det lettare å reise internt mellom bygdene i kommunen.

Ser de for dykk at de bur i Vaksdal i framtida?; Ja- Kvifor, Nei – Kvifor ikkje, Kva meiner de skal til for at de ynskjer å busetja dykk i Vaksdal i framtida?

Mange har svara at dei ser for seg å bu i Vaksdal i framtida. Ungdommane som ynskjer å bu i Vaksdal ser på kommunen som ein trygg stad for borna deira å vekse opp, nær familie og vener. Dei tykkjer også det er viktig bu i fine omgjevnadar samstundes som dei har kort veg til Bergen.

Nokre ynskjer ikkje ynskjer å bu i kommunen og tykkjer det er lite å gjera, for få sentrumsfunksjonar, og därlege vegar som ofte har vegarbeid og er stengde.

For å gjera kommunen meir attraktiv i framtida ynskjer ungdomane fleire møteplassar og aktivitetar. Dei ynskjer å ha fleire jobbar å velje mellom, og eit bustadtilbod – beståande av både leilegheiter og einebustadar. Det er også viktig med betre og tryggare veg, og gode møgleheter til å reisa mellom bygdene.

Visjonen til Vaksdal kommune er «bynært bygdeliv»
Kva forbind du med denne visjonen, og passer den slik me har det i Vaksdal?

Mange ungdomar tykkjer at visjonen passer. Togforbindelse vert ofte nemnt, og er viktig for den bynære kjensla. Kommunen består av mange bygder med bygdekvalitetar. Trygge og koselege omgjevnadar, Volvo og BMW, gardsbruk og små butikkar vert nemnt som slike kvalitetar.

Nokre ungdomar tykkjer visjonen høver mindre for bygdene i distrikta som har lengre avstand til tog og by.

Ungdomsrådet

Ungdomsrådet i Vaksdal 07. des. 2022. Deltakarane vart delt i to grupper.

Kva liker de minst med Vaksdal?	Kva liker de best med Vaksdal?
<ul style="list-style-type: none"> - Kollektivtransport - Få plassar å vere – som ikkje er organisert - Rasfare - Betre vedlikehald av vegar - Møteplassar - Kollektivtransport til Stamnes og Eksingedalen - Jobbtilbod - Dårleg handheva buplikt 	<ul style="list-style-type: none"> - Diverse natur - Bynært - Fritidstilbod - Nær undervisning - Nynorsk - Roleg - Sentralt - Skuletilbod - Fin plass

På kva måte er det betre å vere ung i Vaksdal kommune i 2035 enn i 2022?	Når de er vaksne i 2035, korleis ser Vaksdal ut då? Korleis har me det i Vaksdal i 2035?
<ul style="list-style-type: none"> - Meir sentralt - Enklare å finna på ting – K5 - Hus med garasje - Gode ungdomsmiljø - K5 - Meir folk - Betre fritidstilbod - Møteplassar - Jobbtilbod 	<ul style="list-style-type: none"> - Fleire folk - Fleire jobbtilbod - Effektiv veg til Bergen og Voss - Fleire bustadar - Betre tilbod til psykisk helse - Større - Meir attraktivt - Meir sentralt – men ikkje for stort - Framleis fine naturområde

Etter kvart vil de truleg flytte ut av kommunen for å studere eller oppleve verda utanfor Vaksdal. Kva meiner de skal til for at de ynskjer å busetja dykk i Vaksdal kommune i framtida? Kva er det med Vaksdal som gjer at de unge vel Vaksdal i 2035?
<ul style="list-style-type: none"> - Sentralt – jobb, fritidstilbod, butikkar, skule - Fint – hage, natur, avstand mellom hus - Gode offentlege tilbod - Jobbtilbod - Roligare enn Bergen/Voss - Alle kjenner alle - Lettare å ha familie og hus – skule, barnehage, fritidstilbod <ul style="list-style-type: none"> -Roleg -Alle kjenner alle – seier hei -Fin natur -Betre kollektivtilbod -Trygge nabolag

Visjonen til Vaksdal kommune er «bynært bygdeliv» Kva forbind du med denne visjonen og høver den slik me har det i Vaksdal?
<p>Ja</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tog - Sentralt men roleg <p>Rett til ein viss grad mtp. Kvar ein bur i kommunen. Vanskeleg dersom ein bur på stadar som Stamnes og Eksingedalen.</p>

<i>Når me i kommunen planlegg ynskjer me ofte å høyre kva de unge tenker om arbeidet Korleis kan me nå ut til dykk?</i>	
- Sosiale medier	-Ikkje Facebook
- Snapchat, Instagram, TikTok	-Snakke på skulen
- Undersøkingar med premie	-Instagram, Facebook, posten
- «Bestikka» folk til å følgje	-Brev/melding/e-post –noko personleg

Oppsummering

Ungdomsrådet

Medlemane i ungdomsrådet har mykje positivt å seie om kommunen. Fine og rolege omgjevnadar med mykje natur og som er nær by og skule vert trekt fram. Ungdomane liker også dei eksisterande fritidstilboda og at kommunen er ein nynorskkommune.

Kollektivtransport vert sett som eit satsingsområde. Stamnes og Eksingedalen er konkrete område som er nemnt for ei slik satsing. Medlemane liker ikkje rasfaren i kommunen og å sørge for trygge vegar er viktig. Rådet ynskjer også fleire jobbtilbod og fleire ikkje-organiserte møteplassar i kommunen. For å auke folketalet i distrikta er det ynskje om betre handheving av buplikta.

På spørsmålet om kva som gjer det betre å vere ung i Vaksdal i år 2035 ser medlemene for seg at kommunen ligg meir sentralt til etter utbygginga av K5 og at det vert enklare å finne på ting å gjere. Dei ser for seg at det bur fleire menneske i kommunen og at det er gode ungdomsmiljø med fleire møteplassar og betre fritidstilbod.

På spørsmålet om korleis dei ser for seg å ha det som vaksne i Vaksdal i år 2035 ser ungdomane i rådet for seg at det kommunen er ein meir attraktiv stad å bu. Kommunen har framleis fine naturområde, det er ei auke i folketal og arbeidstilbod og det er lett å kome seg til Bergen og Voss. Kommunen ligg meir sentralt til og tettstadane er vorte større – men ikkje for store.

Rolege, trygge omgjevnadar og mindre miljø der alle kjenner alle er viktige kvalitetar for at medlemmane skal velje Vaksdal framfor stadar som Bergen og Voss i framtida. Nærleik til arbeid, fritidstilbod, butikkar og skule, og fine omgjevnadar med natur, hage og god avstand mellom husa vert også nemnt. Det må vere lett å ha familie i Vaksdal for at ungdomane skal busetja seg i kommunen. Tilgang til barnehage, skule og fritidstilbod bidreg til dette.

Nokre ungdomar tykkjer visjonen til Vaksdal kommune høver godt. Bygdene er rolege og ligg sentralt til. Toget bidreg til dette. Andre tykkjer visjonen høver mindre i distrikta som ikkje er like bynære.

Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Det vart gjennomført ein felles arbeidsverkstad med Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Kvífor ny samfunnsdel	
Kvífor har Vaksdal behov for å revidera ny samfunnsdel?	Kva har endra seg sidan førre rullering?
Kva er styrkane ved gjeldande plan?	Kva er svakheitene ved gjeldande plan?
<ul style="list-style-type: none"> - Det har skjedd mykje sidan 2017 - Den er ikkje brei nok 	<ul style="list-style-type: none"> - K5 - Digitalisering - Reformar – leve heile livet, aldersvennleg samfunn

Viktige utfordringar og prioriteringar framover	
Planstrategien trekk fram dei viktigaste utfordringane for samfunnsutviklinga i Vaksdal:	
<ul style="list-style-type: none"> - Demografi og folketal - Levekår og folkehelse - Klima, miljø og omstilling 	<ul style="list-style-type: none"> - Attraktivitet og busetjing - Arbeidsmarknad og verdiskaping - Samfunnstryggleik og beredskap
Diskuter dei viktigaste utfordringane for kvart tema	
Bustadar	<ul style="list-style-type: none"> - Krav om livsløpsstandard. - Mange eldre bur i einebustadar – byggje bustadar for eldre vil frigjere einebustadar som ungdommen kan flytte inn i.
Ta vare på innbyggjarane	<ul style="list-style-type: none"> - Byggeperioden til K5 vert ein utfordring og folk er bekymra, særskild utfordrande for dei som bur på Vaksdal og Stanghelle. Viktig å arbeide for å halde på innbyggjarane ein har. Kontakt/fylgje opp dei som mister husa- og er rørt av prosjektet. - Svært mange pendlar og ein må ta vare på tilboda ein har, både buss og tog. Stengte vegar og liknande i samband med K5 kan føre til store konsekvensar for folketalet
Kollektivtilbod	<ul style="list-style-type: none"> - kommunen ligg i ei dyr sone. Vanskeleg å komme seg til stasjonane dersom ein ikkje bur i nærleiken av desse – Skyss og Vy må samarbeide betre, fleire avgangar og betre korrespondanse. Gjerne ein dag eller to i veka det går bussar til togstasjonane/knutepunkta.
Aktivitet for dei eldre	<ul style="list-style-type: none"> - Kulturtild – den kulturelle spaserstokken/skulesekken – bidreg ikkje. - Finne på ting – samarbeida med frivilligheita. Dei eldre må nytta frivilligheitskoordinatoren.

Møteplassar	<ul style="list-style-type: none"> - Manglar møteplassar for born, ungdom og vaksne. Ingen møteplass på Stanghelle. Møteplassar må vere lokalisert på ein eigna stad, som t.d. nær sentrum.
Tilbod for ungdommen	<ul style="list-style-type: none"> - Ungdomsklubb, open og tilgjengeleg skule/lokale. Sørge for at ingen dett i mellom. Tilbod for ungdom med forskjelleg interesser/fleire tilbod.
Fortsett ha det trygt	<ul style="list-style-type: none"> - Vaksdal er ein trygg og god kommune å bu i – signalisere dette i samband med busetjing. - Fordelen med eit lite samfunn er at me har det trygt
Turisme og friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> - Vaksdal er ein flott kommune når det gjeldt natur og friluftsliv – må nytte dette betre enn i dag. Satse på å få opp turismen. To flotte dalføre i Bergsdalen og Eksingedalen. Flott fjord til padling og båtrute. Reklamere for det ein har. Rekreasjon. - Fine turområde - Jernbanen m.a. på Stavenes
Alternativ for svaksynte og eldre som ikkje er digitale	<ul style="list-style-type: none"> - T.d. ved varsling kan ikkje alle lese digitale meldingar dersom dei ikkje har telefon eller ser därleg/er blind.
Gang- sykkel- og turveg	<ul style="list-style-type: none"> - Legge til rette for gang,- sykkel,- og turvegar.
Internttransport	<ul style="list-style-type: none"> - Det er vanskeleg for eldre å komma seg rundt i kommunen utan å vere avhengig av føresette. Viktig å delta på dei tilboda som finst og kunne møte venner og familie for å ha ein god alderdom.
Ta vare på bygga ein har	<ul style="list-style-type: none"> - Messo og grøntarealet - Få aktivitet i tomme/attraktive bygg
Alle kjenner alle	<ul style="list-style-type: none"> - Kjenner alle på kommunehuset, lege
Kommunen må følgje opp dei planane dei har.	
Kommunen må ha ei positiv innstilling. Leite etter ja framfor nei.	

Oppsummering

Eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Råda meiner det har skjedd mykje sidan førre rullering. Vedtak av statleg plan knytt til K5, auka digitalisering og nye- og endra reformar er døme på slike endringar som gjer at det er behov for rullering av samfunnsdelen. Når det kjem til svakheitene til gjeldande plan vert det nemnt at den ikkje er brei nok og at oppfølginga av planen kan bli betre. Råda understrekar at det er viktig at planen vert brukt mykje.

Medlemmane i råda tykkjer Vaksdal er ein god og trygg stad å bu der alle kjenner alle, og meiner dette er fordelar som må framsnakkas. Dei tykkjer også at Vaksdal er ein flott kommune med eit stort potensiale for turisme knytt til natur, friluftsliv og rekreasjon. Padling og båtrute på fjorden, fjellturar frå Bergsdalen og Eksingedalen, og ferdsle på jernbanetraseen på Stavenes vert nemnt.

Det nærmar seg start på ein lang byggeperiode knytt til K5 prosjektet. Å ta vare- og å halda på innbyggjarane ein har vert løfta som eit viktig satsingsområde. Mange pendlar ut og inn i kommunen og det vert viktig å oppretthalde kollektivtilboda. Tilboda kan også verte rimelegare, korrespondere betre og få fleire avgangar, særskild gjeldt dette «matebussar» som går til kollektivknutepunkta. Betre internttransport vil også gjøre det lettare for dei eldre å delta på tilbod og møte venner og familie. Tilrettelegging for mjuke trafikantar for å auke tryggleiken og aktivitetsnivået vil også vere positivt.

Møteplassar og aktivitetstilbod for born, ungdom, vaksne og eldre vert løfta fram, særskild tilbod for dei med forskjelleg interesse slik at ingen fell utanfor. Råda tykkjer også det er viktig å ta vare på bygga ein har, at det finst alternativ for dei svaksynte og eldre som ikkje er digitale, og at kommunen må ha ei positiv innstilling.

Innspelsportal

Kva bidreg til at du trivst i Vaksdal kommune?	
<ul style="list-style-type: none">- Fine folk- Naturen i Eksingedalen- Trivelege folk- Bra miljø for oppvekst	
Kva bidreg til at du ikkje trivst i Vaksdal kommune?/kva kunne vore betre	
<ul style="list-style-type: none">- Sykkelvegar- Dårlege vegar- Dårlege kommunale tilbod til eldre og arbeidstakrarar i utkanten- Langt frå sjukehus og tannlege- Trivel til ungdom. Tenka alternativ til sysselsetting på fritida. Møteplass. Ein stad der ungdom som ikkje er interessert i ballspel kan samlast, mekkelokale (er ikkje alle som er interessert i fysisk sport).	
Planprogrammet skildrar viktige områder for samfunnsutviklinga i Vaksdal	
<i>Kva meiner du Vaksdal kommune skal satse på innan dei ulike områda?</i>	
Demografi og folketal	<ul style="list-style-type: none">- Trekkplaster som tomter, arbeidsplassar, lettvint for nye bedrifter å koma til kommunen. Saksgang og lokalar.
Attraktivitet og busetjing	<ul style="list-style-type: none">- Tilbod om ulike husvære også i distrikta.- Ikkje «hytte gardsbruk» men lys i husa- Arbeidsplassar og sysselsetting for ungdom
Levekår og folkehelse	<ul style="list-style-type: none">- Lokale tilpassingar i arbeidslivet. Ikkje alt må sentralisera til Dale og Vaksdal. Lange pendlaravstandar gjer folk utslitne, sjuke eller tek vekk tid og krefter til frivillig lagsarbeid.
Arbeidsmarknad og verdiskaping	<ul style="list-style-type: none">- Lokal tilpassing, meir fleksibilitet. «Fiber» til alle utan for store kostnadar.- Vegutbetring
Klima, miljø og omstilling	<ul style="list-style-type: none">- Lokale arbeidsplassar – mindre utpendling
Samfunnstryggleik og beredskap	<ul style="list-style-type: none">- Vegutbetring
Visjonen til Vaksdal er "Bynært bygdeliv"	
<i>Er dette noko du kjenner deg igjen i? Kvifor/kvifor ikkje?</i>	
<ul style="list-style-type: none">- Me bur langt får byen. Syner at aksess kommune satsar på dei sentrale bygdene. Har alltid meint at dette er eit ekskluderande slagord for delar av kommunen- Nei, ikkje heilt pga. tilbod med tanke på pendling i forhold til kollektivtilbod og opningstider i barnehage og SFO- Nei. Hadde eg ikkje hatt arbeid i kommunen så hadde eg flytta til der det hadde vore jobb	
Fritt innspel, tankar og idear til planarbeidet? – skriv det her!	
<ul style="list-style-type: none">- Ny brannstasjon på Dale. Tannlege tilbake til kommunen.- Vera raus/imøtekommande med nye bedrifter og nyoppstarta firma- Tenk utanfor boksen når det gjeldt å aktivisera ungdom.- Vedlikehalde kommunale eigedomar- Sponsing av pendlarutgifter	

Oppsummering

Innspelsportal

Innbyggjarane tykkjer Vaksdal kommune har fin natur, mange trivelege menneske og eit bra oppvekstmiljø.

Innbyggjarane tykkjer det er fleire därlege vegar, at dei kommunale tilboda til eldre og arbeidstakarar i distrikta kunne vore betre, og at det er langt til sjukehus og tannlege.

Lokale arbeidsplassar og tilrettelegging for heimekontor er satsingsområde som gjev mindre pendling og betrar folkehelsa og reduserer klimagassutslepp. Det er også viktig for innbyggjarane å gjere det enkelt for nye bedrifter å koma til kommunen, mellom anna gjennom effektiv saksgang og ved å ha tilgjengelege tomter og lokalar.

Bustadtilbod i heile kommunen vert nemnt som satsingsområde. I satsinga vert tilgang på tomter og færre «hyttegardsbruk» også nemnt.

Innbyggjarane ynskjer at ungdomen skal trivast. Tilgang på møteplassar, arbeidsplassar og sysselsetting, og å tenke utanfor boksen og ha alternativ for ungdom med forskjellige interesser kan bidra til dette. Mekkelokale er eit døme på eit slikt tilbod.


Brannstasjon på Dale, vedlikehald av kommunale eigedomar og sponsoring av pendlarutgifter vert også nemnt som satsingsområde.

Fleirtalet av innbyggjarane som har svart på spørsmåla på innspelsportalen tykkjer visjonen til Vaksdal kommune høver mindre eller ikkje i det heile. Det vert argumentert med at det er lang avstand frå distrikta til byen, og forholdet mellom kollektivtilbod og opningstider i barnehage og SFO.

Innspels- POP- UP i bygdene


Vaksdal kommune har gjennomført POP-UP i bygdene i kommunen for å hente innspel til arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen.

For å få innspel frå flest mogleg og for å nå ut til alle aldersgrupper vart standane halde ved naturlege møtestadar i bygdene. Representantar frå kommunen var tilgjengeleg mellom klokka 14 og 18, og i fem av sju bygder var standane lokalisert ved daglegvarebutikkar.



- Kva er bra i kommunen, kva kunne vore betre og kva meiner innbyggjarane at det er viktig å satsa på i framtida?

Det er kome inn mange innspel - korte og lange, og frå alle aldersgrupper. Barnefamiliar, elevar frå barne-, ungdom og vidaregåande skular, arbeidsaktive, pensjonistar, nyinnflytta og innbyggjarar med røter i kommunen er nokon av dei som har gjeve sine tankar.



Bergsdalen

Kva bidreg til at du ikkje trivst med å bu i Vaksdal kommune?/kva kunne vore betre?

- Ingen bryr seg om oss
- Urettferdig
- Egedomskatt – lite går igjen til dalen. Ynskjer ein rettferdig pris.
- Avfolking

Planprogrammet skildrar viktige områder for samfunnsutviklinga i Vaksdal.

Kva meiner du Vaksdal skal satse på innan dei ulike områda?

Satsingsområde	Kommentarar
Bustadar	<ul style="list-style-type: none"> - Både 2 og 4 mannsbustadar (ikkje nødvendigvis leilegheiter som trekk til seg ungdom). Større hus mtp. familiar med born. - Bustadutvikling i heile kommunen. Distrikta vert nedprioritert. - Legge til rette for busetting - Kommunalt byggefelt i distrikta
Inkludere distrikta	
Beredskap	Beredskap i heile kommunen
Vere open, pådrivar, folkeleg	<ul style="list-style-type: none"> - Det er vanskeleg å få gjennomført ting (tungvindt/dyrt). Kommunen må vere positiv og ein pådrivar. - Kommunen kan vere open og folkeleg - Vere positive til dei organisasjonane som finst - Informere om midlar som ein kan søkje på - Ha ei positiv innstilling
Folketalsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> - Folketalsutvikling i heile kommunen - Negativ utvikling i folketallet - Folkevekst - Høg snittalder - Gjere det lett for potensielle tilflyttarar å etablere seg – eks enkel oversikt over korleis ein gjer hytte om til hus.
Lag og organisasjoner	
Reiseliv	<ul style="list-style-type: none"> - Treng infrastruktur for å få til reiseliv i Bergsdalen – t.d. toalett, søppeldunkar, parkeringsplassar - Har mange bygg/attraksjonar som kan bli meir attraktive om ein samarbeida. - Samarbeid mellom kommune, lag og organisasjoner
Infrastruktur/Veg	<ul style="list-style-type: none"> - Vegetasjon gror igjen langs vegen og fører til dårlig sikt - Avfall langs etter vegen – forureining/forsøpling - Trygg veg og betre vegstandard – purre på VLK. - Betre og sikrare veg. - Store bilar kjem seg ikkje opp.
Natur/kulturmiljø	<ul style="list-style-type: none"> - Ta vare på natur/kulturmiljøet - Avgrense påskoging
Samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> - Kommune og næringsliv vert med/samarbeida, m.a. i satsinga på reiselivet - Sats på samarbeid mellom reiseliv, innbyggjarar og kommune. - Samordning og koordinering.
Eldre	<ul style="list-style-type: none"> - Aldrande befolkning

	<ul style="list-style-type: none"> - Generasjonsbustadar der eldre og yngre kan hjelpe kvarandre – alt frå å handle til barnepass. - Halde eldre lengre friske. - Einsemd – mange eldre var åleine under Covid.
Tilbod for unge	<ul style="list-style-type: none"> - Ikkje tilbod for dei unge - Ikkje attraktivt å flytte tilbake – skule, barnehage, fritidsaktivitetar (uorganisert) - Sats på langrenn, ikkje skitrekk
Attraktivitet	<ul style="list-style-type: none"> - Oppkøyrt løyper - Forutsigbar turløype/langrenn som er lett tilgjengelig for heile kommunen
Arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none"> - Få arbeidsplassar ettersom færre arbeider i landbruket - Jordbruksgrunnlaget er borte - Jobbe for å få arbeidsplassar - Mykje pendling er vanskeleg når ein har born. - Ha eit tilbod for dei som bur- og vil flytte til Bergsdalen - Heimekontor – gjer det mogleg med tilflytting
Digitalisering	<ul style="list-style-type: none"> - Internett – til m.a. heimekontor
Næringsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> - Trekke til seg bedrifter med arbeidskapasitet - Ja- innstilt kommune. Rask saksgang.
Kollektivt	<ul style="list-style-type: none"> - Buss og tog – alt vert enklare i og nær byen – ein utfordring - Tilkomst – går ikkje ofte buss – viktig for barnefamiliar.
Hytter	<ul style="list-style-type: none"> - Hytteplan: Kvar skal ein ha hytter, kven skal byggje, bakgrunnsareal - Ikkje for mykje, ikkje for lite - Ynskjer hytteutbygging, men ikkje for mykje - Bruke ressursane som hyttefolka sit på.
Kraft til lokal verdiskaping	<ul style="list-style-type: none"> - Vasskraft til lokal verdiskaping - Gje tilbake der ein hentar krafta – eks. hjelpe frivillige lag og organisasjonar - Verdiskaping der ein hantar krafta/tilbakeføring. Landbruket inn i næringsavtalen.
Ikkje snøskuter	

Visjonen til Vaksdal er «Bynært bygdeliv» Er dette noko du kjenner deg igjen i? Kvifor/kvifor ikkje?
Relevant? Lite tilknyting til visjonen Negativ næringsutvikling (mjølk, bønder). Nært byen – folk bur her og arbeider med andre ting. Ha ein visjon som snur utviklinga.

Dale

Kva bidreg til at du trivst med å bu i Vaksdal kommune?	
<ul style="list-style-type: none"> - Natur, fjell, Dalebygda - Det sosiale er bra, trygt og godt - Natur er bra - «<i>Går heim med eit smil</i>» - ung sjukepleiar om jobben sin - Ungdommen Dale - Mange tilbod - Basert på frivilligheita - Fin natur – turløyper, langrenn 	<ul style="list-style-type: none"> - Bra kommune - Stort sett bra - Sosialt og fint. - «<i>No vil eg flytta heim</i>» - innbyggjar på Dale om følelsen før ho flytta heim - Nøgd med kommunen - Det er mykje som er bra - Trygg oppvekst, skule, leikeplassar

Kva bidreg til at du ikkje trivst med å bu i Vaksdal kommune?/kva kunne vore betre?
<ul style="list-style-type: none"> - Ikkje ordførarkjede - Eigedomskatt - Eigedomskatten er høg

Planprogrammet skildrar viktige områder for samfunnsutviklinga i Vaksdal.		
Kva meiner du Vaksdal skal satse på innan dei ulike områda?		
Satsingsområde	Kommentarar	stk
Sentrumsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> - Ikkje butikk på Dalegarden. Butikkar i sentrum. Ta vare på livet i sentrum. Parkeringslokk på Dale. Viktig med eit aktivt liv i Gatå. - Andre sentrumsområder -Vaksdal er det sol. - Klesbutikk - Sportsbutikk - Dugnad - Ikkje butikk på Dalegarden- heller næringsbygg på tomta til Dalehallen 	IIII
Arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none"> - Teknologibaserte arbeidsplassar – slik at ungdomen flytter tilbake. - Kun arbeid innanfor offentleg. Fleire arbeidsplassar - Arbeidsplassar i distrikta - Er ein pendlarkommune- vanskeleg å pendle utanfor stasjonsbyane 	IIII
Infrastruktur	<ul style="list-style-type: none"> - Legge til rette for barnehagar/barnefamilier - Ha viktige funksjonar som barnehage, skule, tannlege, lege 	II
Bustadar	<ul style="list-style-type: none"> - Må bygge nytt. Økonomisk praktisk. - Tilrettelegging. Husbanken, mange tilbod. - Kommunen må bruke fleire verkemiddel. - For dyrt og vanskeleg for folk som bur åleine. Kjem seg ikkje inn på bustadmarknaden. - Små leilegheiter sentralt - Treng ein viss str. På leilegheiter – lettstelt rekkehus. Maks 1-2 soverom. - Tomter og bustadar - Bustadar på Dale – me vil ha ungdomane på Dale også 	IIII IIII
Folkevekst	<ul style="list-style-type: none"> - Få folk til å komme til kommunen - Treng folk 	II

Eldre	<ul style="list-style-type: none"> - Må satse på eldre - Bustadar som vert bygd må tilpassast eldre - Ta vare på dei eldre. Gje dei fermentert mat og økologiske grønsaker (gjev helsegoder) - Ta vare på dei eldre - Meir satsing på eldreomsorg – tungt arbeid, meir aktivitetar til eldre, auka bemanning, høgare stillingar/tilbod til dei faglærde - Gje helsepersonell nok folk slik at dei ikkje vert overbelasta - To sjukeheimar 	IIII I
Fattigdom	<ul style="list-style-type: none"> - Ganske mange fattige her, spesielt på Dale. Må få meir tryggheit. 	I
Sjølvforsyning	<ul style="list-style-type: none"> - Auke sjølvforsyninga. Spesielt økologisk- grønsaker/kjøt - Beredskapslager/kornlager på Dale 	II
Helse	<ul style="list-style-type: none"> - Mental helse - Folkehelse 	III
Vegar	<ul style="list-style-type: none"> - Nye vegar - Betre vegstandard - Trygg veg - Meir effektive vegar. - Vedlikehald av vegane me har- brøyting 	IIII
Mjuke trafikantar	<ul style="list-style-type: none"> - Legge til rette for mjuke trafikantar 	II
Meir arkitektur tilpassa meir lokalt.		I
Skular/ barnehagar	<ul style="list-style-type: none"> - Betre skulesystem - Barnehagar 	II
Ungdom/ barnefamiliar	<ul style="list-style-type: none"> - Lite tilbod - Ungdomen må komme tilbake - Satse på dei unge - Halda på ungdommen – ein utfordring 	IIII
Aktivitetstilbod og møteplassar	<ul style="list-style-type: none"> - Samlingsstad for ungdom – lite tilbod. LAN-kveld - Fleire tilbod - Løpebane - Offentleg tilbod for ungdom. Sosial aktivitet for å samla ungdom – alle møtes for å gjere noko saman. Bytedag, plastryddedag med premie, disco, pizzakveld med brettspel. - Borna må ha bra tilbod. Då kan me bli buande når me får born. - Ungdomsklubb- ungdomen har ingen stad å vere - Meir å gjere – slik at ein ikkje reiser/flyttar til Bergen. - Breiare aktivitetar – golf, skøyter - Fleire fritidstilbod - Kulturtilbod - Gjere det attraktivt for ungdomen- aktivitetar 	IIII IIII
Hytter	<ul style="list-style-type: none"> - Hyttetomter til salg 	I
Reiseliv/turisme	<ul style="list-style-type: none"> - Turistbåtar 	I
Attraktivitet	<ul style="list-style-type: none"> - Eit meir moderne uttrykk. - Attraktivt og kult - Skapa noko nytt – Dale har mange spennande lokale. - Bør rydde Messo. Er ikkje så mykje historie igjen på Dale 	III
Ha det fint/ryddig	<ul style="list-style-type: none"> - Skapa trivsel. 	II

	<ul style="list-style-type: none"> - Skal vera ein fin plass å bu – di finare det ser ut di meir trivst ein. - Ruskete ved sjøen – gjere det fint, ryddig, attraktivt 	
Miljø	<ul style="list-style-type: none"> - Ryddedag. Samhold mens ein ryddar. - Låne/deleordningar, sameige. Slikt gjev samhold. - Fornybar energi. 	II
Ta vare på- og vere snille mot kvarandre		I
Friluftsliv		I
Næringsliv	<ul style="list-style-type: none"> - Legge til rette for næring 	II
Tilrettelegging	<ul style="list-style-type: none"> - Legge til rette for at Vaksdal skal vere ein god stad å bu 	I
Framsnakke	<ul style="list-style-type: none"> - Ta initiativ/framsnakke/reklamere for det me har. Syne potensielle tilflyttarar kva moglegheiter kommunen har å by på. 	I

Eidsland

Planprogrammet skildrar viktige områder for samfunnsutviklinga i Vaksdal.

Kva meiner du Vaksdal skal satse på innan dei ulike områda?

Satsingsområde	Kommentarar
Folkevekst	<ul style="list-style-type: none"> - Fleire flytter tilbake – få av desse er unge
Aktivitetar/Møteplassar	<ul style="list-style-type: none"> - Aktivitetar for dei som bur her. Møteplassar.
Turisme	<ul style="list-style-type: none"> - Delmål 2. i KPS – kvifor berre satsa i stasjonsbyane då det også er kulturminne utanfor desse
Veg	<ul style="list-style-type: none"> - FV569 er ein viktig veg for t.d. MEB og heimetenesta. - Trygg veg. - Ikke berre K5 men også vegane i distrikta - Tunnelar mm. Vanskeleg for MEB å køyre – må ha tilpassa bilar.
Ikkje gløyme distrikta	<ul style="list-style-type: none"> - Føle seg inkludert - Ikke nemnt i gjeldande samfunnsdel – nemne bygdene - Ikke kun sentralisering – spreie tilbod rundt i kommunen – eks. gjennom midlar
Aldersvenleg samfunn	<ul style="list-style-type: none"> - Aldersvenleg samfunn i heile kommunen.
Eldre	<ul style="list-style-type: none"> - Enklare for eldre frå distrikta å bu på Dale enn Vaksdal blant anna med tanke på transport dersom dei vil reise heim eller dei skal få besøk av familie. - Korleis behandler me dei eldre i ein periode i livet der dei er sårbare.
Lokal verdiskaping av vasskraft	<ul style="list-style-type: none"> - Ha positiv haldning/vere pådrivar til kraftutbygging - Grunnlag for busetjing – småkraftverk - Kraftinntekter til lokal verdiskaping - Få litt meir igjen for kraftinntektene
Forutsigbarheit	<ul style="list-style-type: none"> - Usikkerheit knytt til skuler. Forutsigbarheit knytt til kvar ungane skal gå på skule

Eksingedalen

Kva bidreg til at du trivst med å bu i Vaksdal kommune?
<p>Ein vakker og avsidesliggende dal. Eit lite, kjekt og godt miljø med kjekke og inkluderande menneskje. Snø – ute å leika – ski Lite trafikk Butikken Eg syns at Eksingedalen er ein veldig fin plass å bu 😊</p>

Kva bidreg til at du ikkje trivst med å bu i Vaksdal kommune?/kva kunne vore betre?
<p>Merker ikkje mykje til at me er ein del av Vaksdal kommune. Dårleg eldreomsorg Organisering av heimetenesta – ender med at dei eldre flytter frå kommunen For lite arbeidsplassar, bedrifter, aktivitetar, sosialt.</p>

Planprogrammet skildrar viktige områder for samfunnsutviklinga i Vaksdal.	
Kva meiner du Vaksdal skal satse på innan dei ulike områda?	
Satsingsområde	Kommentarar
Eldre	<ul style="list-style-type: none"> - Flytter når ein vert gammal. Legge til rette for at ein kan bu heime lengst mogleg
Bustader for eldre	<ul style="list-style-type: none"> - felles bustadområde for eldre med separate bustadar og fellesareal. Skaper synergiar som arbeidsplassar, reinhald, heimeteneste, levering av varer.
Skule/bhg	<ul style="list-style-type: none"> - velje kvar ein vil gå på skule - Må ha samfunnsinstitusjonar - t.d. skule. – behalde det ein har
Bulyst	<ul style="list-style-type: none"> - stimulere til bulyst - Folk før arbeidsplassar
Møteplass	<ul style="list-style-type: none"> - der ein kan koma når ein ynskjer - kafe?
Bybønder	<ul style="list-style-type: none"> - bustadutfordring – gardsbruk vert brukt som hytte
Veg	<ul style="list-style-type: none"> - Trygge og betre vegar - Trygg veg – rasfare/sikring – rekkverk!
Internett	
Næringsliv	<ul style="list-style-type: none"> - Promotere næringsliv
Landbruksbygd	<ul style="list-style-type: none"> - landbruket finst i mange ledd i- og er viktig for kommunen-bønder, mat, Felleskjøpet

Stamnes

Kva bidreg til at du trivst med å bu i Vaksdal kommune?	
<ul style="list-style-type: none"> - Beste bygda ein kan bu - Ein flott stad, fjell, fiske - Idyllisk - Flott stad 	

Planprogrammet skildrar viktige områder for samfunnsutviklinga i Vaksdal.		
Kva meiner du Vaksdal skal satse på innan dei ulike områda?		
Satsingsområde	Kommentarar	stk
Kai og sentrum	<ul style="list-style-type: none"> - Kaien på Stamnes. Bruke sjøvegen - Oppfølging av sentrum 	II
Føle seg imøtekomen av kommunen Kommunen må vere velvillig til innbyggjarane Inkludere distrikta		II
Veg	<ul style="list-style-type: none"> - Betre vegar i distrikta - Tryggare veg - Trygg ferdsle for bilistar og mjuke trafikantar 	III
Folkevekst	<ul style="list-style-type: none"> - Ikke berre sentralisering – folkevekst i heile kommunen - Satse på yngre 	III
Arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none"> - Ha noko å leva av - Arbeidsplassar lokalt – laksegiljer/overnattning - Positive til nye verksemder 	III
Bustadar	<ul style="list-style-type: none"> - Stimulere til samarbeid mellom private og kommunen som utbygging av tomter - Attraktive tomter - Byggfelt på den gamle skuletomta - Legge til rette for byggfelt - Leilegheiter/fleirmannsbustadar - Bustadar for ungdom – slik at dei kan busetja seg utan å byggja – dei kan «prøvebu» før dei investerer i noko eige - Tomter – vise at me har plass til dei som ynskjer - VA til tomter er ein utfordring - Oppmuntre til sal av feriebustadar/gamle bustadar 	III III
Næring		II
Tilbod for born og unge		I
Tilbod for eldre	<ul style="list-style-type: none"> - Fleire aktivitetar 	I
Butikk	<ul style="list-style-type: none"> - Oppretthalda tilboda ein har 	I
Skule og barnehage	<ul style="list-style-type: none"> - Ha dette også i framtida - Skule i bygdene - Behalda skulen - Positivt med skule og barnehage – ta vare på tilboda 	III I
Sentrumsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> - Lage liv i sentrum 	I
Attraktivitet	<ul style="list-style-type: none"> - Legge til rette for born og unge - Skille seg ut – tilby noko som andre ikkje har 	III
Vedlikehald	<ul style="list-style-type: none"> - Ta vare på bygga i kommunen 	I
Turisme	<ul style="list-style-type: none"> - Somarturisme - Kaianlegg - Ta imot gjester - Stogge og gå tur i fjellet 	II

	<ul style="list-style-type: none"> - Natur, kulturhistorie, laksegiljer, gatesteinsbrot, skipshelleren og anna på Straume - Nye «overnattingsgiljer» - Padling 	
Helsetilbod	<ul style="list-style-type: none"> - Tilbod til ein kvar tid – lange avstandar - Lang responstid på sjuke- og politibilar - 	II
Digitalisering	<ul style="list-style-type: none"> - Heimekontor - Bu og jobbe i distriktet - Levande bygder 	II
Hytter	<ul style="list-style-type: none"> - Viktig for butikken - Fleire hytter – Hesjedalen? - Kapitalsterke og innflytelsesrike hytteeigarar 	I
Eigedomsskatt	<ul style="list-style-type: none"> - Fjerne - Eigedomsskatt er ei ulempe 	II
Om visjonen til Vaksdal kommune		
Ikkje så mange meningar om den.		
Ja- nær Bergen og Voss. Bu landleg men jobbe i byn.		

Stanghelle

Kva bidreg til at du trivst med å bu i Vaksdal kommune?	
<ul style="list-style-type: none"> - Fotballbana - Snø - Rolig - Venleg miljø - Inviterande folk - God oppvekst - Ikke mange ungdomar 	<ul style="list-style-type: none"> - Kort veg til butikk - Liker å gå på skulen på Stanghelle - Liker venene mine - Liker alt - Koseleg - Stanghelle er ein fin liten stad

Kva bidreg til at du ikkje trivst med å bu i Vaksdal kommune?/kva kunne vore betre?
<ul style="list-style-type: none"> - Lei - Ligg mellom Voss og Bergen som begge har mykje å by på. - Ein stad folk køyrer forbi.

Planprogrammet skildrar viktige områder for samfunnsutviklinga i Vaksdal.		
Kva meiner du Vaksdal skal satse på innan dei ulike områda?		
Satsingsområde	Kommentarar	stk
Stasjon i fjell	<ul style="list-style-type: none"> - Stasjon i fjell – vil fungere som tilfluktsrom samstundes som det frigjer areal 	I
Born og unge	<ul style="list-style-type: none"> - Sats på - Gratis SFO - Lengre opningstid barnehage – slik at det er mogleg å arbeide i Bergen og bu på Stanhelle - Ungdomslokale – ein mister Dalehallen. Ein stad der ungdomen kan halde til – dans og musikk - Meir ope idrettshall - Samlingsplass for ungdom – opent lokale med bordtennis o.l. - Fleire tilbod til born og unge - Sykkelbana - Samlingsplass til folk generelt – kafe – unge og eldre 	IIII III
Framsnakke	<ul style="list-style-type: none"> - Bok og informasjon om kommunen på dagsturhytta – kva er det ledige tomter, kva kan kommunen tilby osv. 	I
Ta vare på dei som bur i kommunen	<ul style="list-style-type: none"> - Dei som mister husa - Bidra til at dei som bur og jobber i kommunen ynskjer å fortsette med det 	I
Butikk og tilbod	<ul style="list-style-type: none"> - Behalde nærbutikken og tilboda ein har. - Ta vare på butikken - Polet - Ikke polet - Fleire butikkar og overnattingsmoglegheiter i samband med K5 	III
Turisme	<ul style="list-style-type: none"> - Gjere det fint og ryddig slik at folk ser utsikten - Gondol på Jamnesåta – få ut dei som slit med å kome seg til fjells. - Bolstadfjorden og Veafjorden er særegent. Båt som går her. 	III
Kollektiv/ tilgjengeleight	<ul style="list-style-type: none"> - Sykle mellom Vaksdal og Stanghelle - Betre kollektivtilbod. Drosje. Enkel ferdslle mellom bygdene. 	IIII

	<ul style="list-style-type: none"> - Betre busstilbod - Ta vare på det lokale togtilbodet - Ta vare på jernbanen – toget må stogge på Stanghelle (også toget til Oslo) 	
Bustadar	<ul style="list-style-type: none"> - Fleire ynskjer å flytte tilbake. Legge til rette for at yngre enkelt kan byggje. - Fleire tomter slik at dei som ynskjer å flytte heim får byggje. - Ikkje gjere det vanskeleg å byggje einebustadar - Tomter – både leilegheiter og einebustadar. - Ta vare på areal til bustadbygging. - Varierte bustadar - Einebustadomter på Stanghelle - Bustadar for eldre- Leilegheiter – lettare buform 	IIII III
Eldre	<ul style="list-style-type: none"> - Bruke kunnskapen pensjonistane i kommunen sit på. Forum der t.d. kommunen/næringselskapet kan spørje om hjel - konsulentarbeid/berekningar av synkehøl på idrettsplassen og anna. - Dei som ikkje vil bu heima må få lov til å flytta på omsorgssenter. - To sjukeheimar – langt til Vaksdal for nokre - Aldersheimar samla ein plass - For lite bemanning er ei utfordring – gjere det lett å velje å arbeide i Vaksdal – goder. 	IIII
Vedlikehald	<ul style="list-style-type: none"> - Ta vare på Messo – sette av ein årleg sum til vedlikehald av denne. 	I
Skule og barnehage	<ul style="list-style-type: none"> - Behalde skulen i bygda - Ta vare på det ein har – butikk, skule 	II
Veg	<ul style="list-style-type: none"> - Trygg veg 	I
GS- veg	<ul style="list-style-type: none"> - Når ein fyrst lager veg mellom Stanghelle og Helle (i smaband med deponi og K5) kan heile denne vegen gjerast om til permanent turveg/GS-veg/grusveg. 	I
Folkevekst		I
Det skal sjå fint ut	<ul style="list-style-type: none"> - Fin sjølinje – må settast i stad, ryddig, mange gamle naust - Kaiområdet – ha samlingspunkt som grøntområde framfor næring. - Få ei fin strandlinje – opparbeida moglegheit til å gå langs strandsona - Gjere kaiområdet fint. Dårleg tilkomst/vegstandard. Asfaltering 	IIII
Næringsliv	<ul style="list-style-type: none"> - Næringslivsareal, tometeareal (næringsliv, privat). - Ha eit torg/nettside der ein kan gå og sjå kva som er ledig av slikt areal - Fleire bein å stå på enn det offentlege - Bompengar er til ulempe for næringslivet. Flytte bompengestasjonen slik at næringslivet ikkje vert påverka. 	II

Vaksdal

Kva bidreg til at du trivst med å bu i Vaksdal kommune?	
<ul style="list-style-type: none"> - Fin kommune å bu i - Imponert over satsinga på skulane på Vaksdal, Stanghelle - Vaksdal kommune er ein god kommune å bu i - Opne menneske som er positive til nyinnflytta. - Veldig nøgd - Trygg og god plass for born å veksa opp. - «Det er jo bra» - Fint og billig - Fin plass - Fin barnehage, fotballbane og skuleplass - Fine nye skular og barnehagar overalt 	<ul style="list-style-type: none"> - Venane mine er der - Skule - Ikkje langt til naboar - Frivilligheita – det skjer alltid noko - Gode naboar - Det er mykje bra - Stort sett bra - Flinke å satsa på skular og barnehagar - Nøgd - Fint på Bogo - Bra treningstilbod for vaksne - Fint

Kva bidreg til at du ikkje trivst med å bu i Vaksdal kommune?/kva kunne vore betre?	
<ul style="list-style-type: none"> - Søppel - Nærare ting – det skjer meir andre stadar 	


Planprogrammet skildrar viktige områder for samfunnsutviklinga i Vaksdal.		
Kva meiner du Vaksdal skal satse på innan dei ulike områda?		
Satsingsområde	Kommentarar	stk
Skule og barnehage	<ul style="list-style-type: none"> - For liten skule på Vaksdal dersom ein skal satse på folkevekst 	II
Ungdom	<ul style="list-style-type: none"> - Få dei unge til å bli verande i kommunen - framsnakke 	II
Ta vare på dei som bur her		I
Vedlikehald av bygga ein har	<ul style="list-style-type: none"> - No er det viktig å bruke midlar på å vedlikehalde dei nye bygga. Vaktmeister på kvart bygg må ein ha. - Ta vare på bygg slik at dei ikkje står til nedfall 	III
Kultur	<ul style="list-style-type: none"> - Kulturskulen er bra - Viktig å delta på dei aktivitetstilboda som skjer slik at ein kan fortsette med dette – gjeldt også kulturtilbod. 	II
Aktivitetstilbod og møteplassar	<ul style="list-style-type: none"> - Meir variasjon i aktivitetstilbod for born - Tilbod for born og unge – stadar å møtast - Meir variert fritidstilbod - Fleire tilbod (slik som restaurant og frisør) - For lite å gjere på skuleplassen – fleire aktivitetar - Fleire aktivitetar for born – må til Arna - Fotballbane - Sykkeløyper, terrengsykling – det er kult - grunneigarar nyttar ikkje terrenget - Fotballbane - Ungdomsklubb for därleg lokale – ikkje eigna på Dale 	IIIIII IIIIII

	<ul style="list-style-type: none"> - Baker, kafe, leikeplass - Klatrepark i skogen, gapahuk m. bålpanne – bruke skogen/nærrområdet - Det er vanlegvis mykje aktivitet på idrettsplassen - Fleire akebakkar - Fritidstilbod for dei unge – bør ikkje styrast av ungdom med av vaksne - Skapa sosiale arbeidsplassar – møteplassar, engasjement, dugnad 	
Eldre	<ul style="list-style-type: none"> - Prioritere vekst og omsorg - Trening i basseng. - Aktivitetar for eldre - Ein sjukeheim 	III
Natur / ha det fint rundt seg	<ul style="list-style-type: none"> - Fine turar 	I
Trygge og betre vegar	<ul style="list-style-type: none"> - Vegar – isete, dårlig asfalt, plassering av fartshumper - Trygge vegar – spesielt langs Sedalen - Veg til husa - Vegljos – dei går ofte 	III
Bustadar for eldre	<ul style="list-style-type: none"> - Bur ein person i halvparten av husa i Vaksdal. Små leiligheter der eldre kan flytte inn/leige. Frigjere einebustadane. Tilrettelege – husbanken. - Ikkje nok bustadar til eldre – mindre einingar. Ikkje lykkast med den på Vaksdal. - Ikkje alltid blokk er bra for eldre. - Viktig med eldrebustader i bygda ein er i frå. Der ein har tilknyting og nettverk. 	IIII
Bustadar	<ul style="list-style-type: none"> - Bustadutvikling på Vaksdal, ikkje berre Stanghelle - Byggje på Bogo i samband med K5. Byggjer ein veg sjølv står ein med alt ansvaret. - Bustadområde – legge til rette for utbygging, infrastruktur, veg, vatn og avlaup. Dyrt og vanskeleg. Rekkehus på Boge. 	III
Bustadar ungdom	<ul style="list-style-type: none"> - Bustadar for ungdom - Leilegheiter 40 – 50 m³ for fyrstegongskjøparar/ungdom 	II
Einebustadar	<ul style="list-style-type: none"> - Ha stort hus er bra 	I
Leilegheiter	<ul style="list-style-type: none"> - Flytte frå einebustad til leilighet- leilighet er også billigare å bygge. 	I
Vaksdal senter	<ul style="list-style-type: none"> - Må gjere noko med senteret. Utfordring med kostnadene. - Kommunen medeigar i senteret? 	II
Tilgjengeleghet	<ul style="list-style-type: none"> - God tilgjengeleghet står høgt 	I
Infrastruktur	<ul style="list-style-type: none"> - Betre infrastruktur 	I
Barnefamiliar med dårleg råd	<ul style="list-style-type: none"> - Sats på dette! 	I
Framsnakke	<ul style="list-style-type: none"> - Løfta fram positive historiar. Lytta til dei som som har positive erfaringar med kommunen. - Framsnakka kommunen – skular og barnehagar, eldrebustad på Jamne, grunnsteinane - Vere stolt av kommunen og bygda 	IIII
Sosioøkonomisk status har endra seg		I

Samhald – inkludering. Vere inviterande og snakka i lag. Mange kjekke mennesker i kommunen. Ta godt vare på dei som er kome (flyktningar, innvandrarar) – dei kan inkluderast gjennom jobb, språkkurs, sosiale nettverk gjennom m.a. jobb.		I
Fint	- Det skal vere fint	I
Kompetanse		I
Frivillige		I
Samfunnsikkerheit	- Rasfare	I
Bompeng	- Negativt for folketalet? Konsekvensar av storleik på satsane.	I
Om visjonen til Vaksdal kommune:		
Enig!		

Oppsummering

Vidare føl ei oppsummering frå kvar einskild bygd. Oppsummeringa tar for seg innbyggjarane sine kommentarar og løfter hovudsakleg fram satsingsområda som flest innbyggjarar har kommentert.



Figur 1: Innspel frå POP-UP standane

Planprogrammet skildrar viktige områder for samfunnsutviklinga i Vaksdal

Kva meiner du Vaksdal skal satse på innan dei ulike områda? – Ordskya under er sett saman av alle innspela frå POP UP medverknaden.



Dale

Innbyggjarane tykkjer Vaksdal kommune er ein trygg stad med fin natur og mange tilbod. Det er mogleg å vera sosial og delta på aktivitetar, og frivilligheita er viktig. Ungdom, skuletilbod og trygg oppvekst er også trivselsfaktorar.

Innbyggjarane meiner eigedomsskatten er høg.

Aktivitetstilbod og møtestadar skil seg ut som eit viktig satsingsområde, særskild tilbod for born og unge er viktig for å halde desse i kommunen. Slike aktivitetar kan vere LAN- kveld, løpebane, bytedag, plastryddedag, disco, labyrinth i høy, pizzakveld med brettspel, ungdomsklubb, golf og skøyter.

Saman med *aktivitetstilbod og møteplassar* er *bustadar* viktig å satse på. Det er ynskje om økonomiske praktiske bygg, små sentrale leilegheiter og rekkehus, både for eldre og yngre. Tilrettelegging for dei som ynskjer å koma seg inn på bustadmarknaden vil også vere positivt.

Det er viktig for innbyggjarane å satse på unge og barnefamiliar, halde på dei ungdomane ein har- og få dei som har flytta ut til å koma tilbake. I dette arbeidet må ein ha viktige funksjonar som barnehage, skule, tannlege og lege. Det er også viktig å ta vare på dei eldre og satsa på eldreomsorg. Auka bemanning og attraktive stillingar i eldreomsorga, aktivitetstilbod og sunt kosthald ver nemnt.

Vaksdal er ein pendlarkommune med ein større del offentlege arbeidsplassar. Fleire forskjellelege arbeidsplassar i heile kommunen, gjerne teknologibaserte arbeidsplassar som trekk til seg ungdom er ynskja.

Det er også ynskja sentrumsutvikling på Dale og i dei andre stasjonsbyane, og innbyggjarane meiner at fleire butikkar i sentrum, parkeingslok, næringsbygg på tomta til Dalehallen og ivaretaking av eit aktivt liv i Gatå kan bidra til dette.

Trygge vegar for bilistar og mjuke trafikantar, fokus på folkehelse og fattigdom, framsnakking, og å sikre naudsynt infrastruktur er alle satsingsområde som kan gjere kommunen til ein betre stad. Hytter, turisme, miljø, friluftsliv, næringsliv og sjølvforsyning vert også nemnt.

Vaksdal

Innbyggjarane tykkjer Vaksdal er ein fin stad å bu og ein trygg stad for born å veksa opp. Gode naboar og opne menneske som er positive til nyinnflytta bidreg til dette. Dei er nøgd med skule- og barnehagesatsinga i bygdene og tykkjer det er viktig å vere stolt av- og framsnakke bygd og kommune.

Aktivitet og møteplassar, hovudsakleg for born og unge, skil seg ut som satsingsområde. Slike aktivitetar kan vere terrengløype for sykkel, gapahuk med bålpanne, klatrepark, akebakkar, restaurant og frisør. Det er også viktig å ta vare på tilbodet ein har.

Mange innbyggjarar ynskjer også at det vert satsa på bustadar, både leilegheiter og einebustadar, bustadar for unge/ fyrstegongskjøparar og for eldre for å frigjere einebustadar for barnefamiliar. Det er også eit ynskje at kommunen legg til rette for utbygging, t.d. med infrastruktur.

Innbyggjarane er også opptatt av å ha trygge vegar og omgjevnadar, gode levekår for eldre og at ein ser til barnefamiliar med dårleg råd. Vedlikehald av eksisterande bygg, bompeng, samhald og frivilligheit ver også nemnt.

Stanghelle

Innbyggjarane tykkjer Stanghelle er ein liten, fin og roleg stad som det er godt å vekse opp i. Eit venleg miljø, trivsel på skulen og kort veg til butikken bidreg til dette. At Vaksdal kommune ligg mellom to kommunar med mange tilbod bidreg til at mange køyrer forbi, noko som kan vere ein utfordring. Å framsnakke kommunen og ta vare på innbyggjarane er viktig.

Mange tykkjer det er viktig å satse på born og unge. Legge til rette for pendlarar ved å forlenge opningstida i barnehagen, sykkelbane, gratis SFO, behalde skulen, og møtestad for ungdom med aktivitetar som dans, musikk eller bordtennis vert nemnt.

Saman med *born og unge*, er *bustad* det satsingsområde som vert nemnt mest. Fleire ynskjer å flytte tilbake og det er viktig å legge til rette for at desse enkelt kan byggje. Ta vare på areal til bustadbygging, ha tilgjengelege tomter og varierte bustadtypar tilpassa unge og eldre vert også nemnt i bustadsatsinga.

Kollektivtilbod og ferdsle er også viktig for mange innbyggjarar. Ei slik satsing kan innebere å leggje til rette for at ein enkelt kan ferdast mellom bygdene, ta vare på togtilboden ein har, og gjere det mogleg å sykle mellom Vaksdal og Stanghelle. Permanent turveg mellom Stanghelle og Helle i samband med deponi og K5 vert nemnt.

Innbyggjarane vil satse på dei eldre og meiner det er det er viktig at alle som ynskjer har tilbod om plass på omsorgssenter. Det er viktig å ha nok tilsett i helsesektoren og kommunen må gjere det lett å velje å arbeide i Vaksdal. Pensjonistane er også ein ressurs og sit på mykje kunnskap som mellom anna kommunen og næringsselskapet kan dra nytte av.

Innbyggjarane trivst i fine omgjevnadar og ynskjer ei fin og ryddig sjølinje og kaiområde. Utsikt, fjella og fjordane er eigna for turisme, og både båt og gondol vert nemnt. Tilgang på næringsareal for å få meir varierte arbeidsplassar, trygge vegar og vedlikehald av bygg som t.d. Messo vert også nemnt.

Eksingedalen

Innbyggjarane tykkjer Eksingedalen er ein fin stad å bu. Bygda har eit lite og godt miljø med inkluderande menneske. Utandørs aktivitetar, lite trafikk og den lokale butikken bidreg til at innbyggjarane trivst.

Innbyggjarane ynskjer å i større grad bli inkludert av kommunen. Eldreomsorg, særskild organisering av heimetenesta, er eit område som kunne vore betre. Å leggje til rette for at eldre kan bu heime lengst mogleg er viktig innan ei slik satsing.

Eksingedalen er ei landbruksbygd og huser såleis ein viktig næring i kommunen. For utan å promotera næringslivet er det å skapa bulyst eit satsingsområde som også kan bidra til tilflytting og arbeidsplassar. Uformelle møteplassar, fleire aktivitetar og tilgang til godt internett kan bidra til dette. Det er også viktig for innbyggjarane å halde på infrastrukturen ein har og sørge for trygge og betre vegar.

Eidsland

Innbyggjarane meiner det er viktig å inkludere distrikta og satse på tilbod i heile kommunen.

Det vert viktig å skape aktivitetar og møteplassar, både for dei busette og i satsinga på folkevekst i distrikta. Å sørge for at borna har ein forutsigbar skulekvardag, aldersvennlege samfunn som gjer det enklare for eldre å bu utanfor stasjonsbyane, og trygge vegar er viktige tema.

Vasskraft gjev grunnlag for busetting og lokal verdiskaping av krafta er eit satsingsområde. Innbyggjarane ynskjer at kommunen skal ha ei positiv haldning til framtidig utbygging og at ein større del av kraftinntektene skal tilbake til områda der krafta vert henta ut.

Stamnes

Innbyggjarane tykkjer Stamnes er ein idyllisk og flott stad å bu og naturen peiker seg ut som ein årsak til trivsel.

Mange nemner bustadar som eit satsingsområde. Området har mange attraktive tomter, og det vil vere positivt for utviklinga med tilrettelegging for dei som ynskjer å byggje, samt samarbeid mellom private og kommunen. Tomter, leilegheitsbygg, bustadar for unge som ynskjer å «prøvebu», og å oppmuntre til sal av gamle feriebustadar vil vere positivt for bustadsatsinga. Innbyggjarane ynskjer at det vert satsa på folkevekst i heile kommunen, at kommunen er imøtekommande i deira arbeid og at eigedomskatten vert redusert.

Å ta vare på eksisterande infrastruktur er viktig. Innbyggjarane er særsla nøgd med skule, barnehage og den lokale butikken, samstundes som dei ynskjer meir tilrettelegging for born og unge, og betre og tryggare ferdsle for bilistar og mjuke trafikantar. Området har flott natur med mykje kulturhistorie, og ved å leggje opp til turisme og legge til rette for at besökjande kan nyte sjøvegen, kan det føre til både arbeidsplassar og meir liv i sentrumsområdet. Å skilje seg ut er også nemnt som viktig for å skape ein attraktiv bygd og kommune.

Bergsdalen

Innbyggjarane i Bergsdalen føler seg tilsidesett og ynskjer i større grad at distrikta vert prioritert og inkludert. Innbyggjarane tykkjer det er tungvindt og dyrt å få prosjekt gjennomført og ynskjer at kommunen skal vere ein pådrivar som er positivt innstilt, open og folkeleg. Rettferdig fordeling av eigedomsskatten og å nytte inntekter frå vasskraft til lokal verdiskaping er også ynskja.

Folketalet i Bergsdalen har hatt ei negativ utvikling og snittalderen aukar. Det vert viktig å satse på folketals- og bustadutvikling i heile kommunen, og å sørge for at dei eldre heldt seg friske og lev utan einsemd. Å gjere det lett for potensielle tilflyttarar å etablere seg, og å ha bustadtilbod for familiar med born, er trekt fram som positivt for ei slik satsing. Bustadar for to og fire personar, større hus, generasjonsbustadar og kommunale byggefelt vert nemnt.

Gode kollektivtilbod, skule- og barnehagetilbod og fritidsaktivitetar er viktig, særskild for barnefamiliar. Dei som bur- og vil flytte til Bergsdalen må også ha arbeidstilbod. God internettforbindelsar kan gjere heimekontor til eit slikt tilbod.

Det er fleire utfordringar knytt til fylkesvegane i kommunen, og trygg veg med høgare vegstandard er ynskja.

Bergsdalen og Vaksdal kommune har eit potensiale innan reiseliv. I ei slik satsing krevst infrastruktur som toalett, søppeldunkar og parkeringsplassar, og samarbeid mellom kommune, næring, lag og organisasjonar vert viktig. Forutsigbar langrennsløype som er tilgjengeleg for heile kommunen kan også gjere området meir attraktivt. Det er potensiale for hytteutbygging i Bergsdalen og innbyggjarane tykkjer det er viktig med god planlegging av eventuelle hyttefelt. Det er også viktig å ta vare på natur/kulturmiljøet.